



Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
v/ Frank Jørgensen
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Bergen, 19.1.2011

Klage på konsesjonstilråding for Botnen kraftverk

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) vil med dette påklaga tilrådinga frå Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) til Olje- og energidepartementet (OED) om at Kraftkarane AS skal få konsesjon på å byggja Botnen kraftverk i Odda kommune, med ein effekt på 2.9 MW og ein produksjon på 8.32 GWh. Grunnlaget for klagen vår er som følgjer:

NVH har tidlegare, våren 2009 levert ein fylldig høyringsuttale til konsesjonssøknaden frå Kraftkarane AS. Det same har andre organisasjonar og ei rekkje naboar og grunneigarar, som alle er kritiske til planane. I vår høyringsuttale påpeika vi ein del ulemper som etter vår meining gir god grunn til å avvisa søknaden, eller senda han tilbake til utbyggjar med krav om betre dokumentasjon av verneverdiane. I svaret datert 22.12.2010 frå NVE blir innvendingane våre kommentert, men utan å leggja fram dokumentasjon som kan underbyggja påstandane, som for ein stor del byggjer på rein spekulasjon. Det kan trygt slåast fast at "føre var"-prinsippet ikkje er følgt her, slik den nye Naturmangfaldlova (NML) frå juni 2009 krev.

NVH påpeikar i høyringsuttalen at utbyggjar hadde unnlate å undersøka ei bekkekloft der det var potensiale for raudlisteartar. I sitt svar seier NVE at dei stilte krav om ein ny biomangfaldrapport i ettertid (s. 39), og at det blei gjort synfaring. Resultatet synest å vera noko uklart, for det heiter i svaret at **"mesteparten av bekkekloften ser ut til å være befart, slik at det sammen med hydrologi, berggrunn og annen kjent informasjon som foreligger, er nok informasjon til å vurdere potensialet for rødlistearter i selve kløfta. NVE mener at kunnskapsgrunnlaget for å fatte vedtak er godt (nok) og kravet i NML §8 er oppfylt."** Eller med andre ord – sjølv om bekkeklofta berre ser ut til å vera synfart, så trur NVE likevel ikkje at det fins raudlisteartar. Dette bryt mot føre var prinsippet i NMLs lova.

NVE opererer stadig med begrepet "minstevannføring", som blir definert som ei vassføring på 20 l/s = 0.02 m³/s heile året, og NVE påstår at dette er nok til at **"bunndyrfaunaen i liten grad blir berørt"**, og dermed levekåra for fisk og fugl (fossekall m.m) i vassdraget. Her påstår NVE at dei store variasjonane i vassføringa gjennom året tyder på at **"en kan forvente å finne vanntilknyttede arter som er godt tilpasset denne dynamikken."** Dette er rein spekulasjon, og likeeins påstanden om at minstevassføring på 20 l/s heile året skal sikra vilkåra for dyrelivet i vassdraget. Faktum er at ei så låg vassføring i dei fleste tilfelle har vist seg å vera jamgodt med tørrlegging av vassdrag og dermed øydelegging av livsgrunnlaget både for botndyr og fisk. Dersom pålegget om minstevassføring skal ha noko effekt, må vassføringa vera betydeleg høgre, iallfall over 0.1 m³/s.

NVE har tydelegvis tenkt på dette, for som avbøtande tiltak blir det foreslått å setja opp ”predatorsikre hekkedassar for fossefall.” Dette er ikkje nok til å hindra utrydding av fossefall-bestanden i vassdraget. Som kjent er denne fuglen (Noregs nasjonalfugl) avhengig av ikkje berre sikre hekkeplassar, men også næringsdykk i rennande vatn med langt høgare vassføring enn 0.02 m³/s.

NVH har registrert at NVE stoppa planane om kraftutbygging i Svandalsfossen i Sauda (Haugesunds Avis 3/11-10) etter at det blei registrert ein raudlista moseart, kystflope, som ville stå i fare for å bli utrydda dersom fossen blei utbygd. I tillegg kjem verdien som fossen representerer som turistattraksjon, denne ville ha gått tapt ved ”minstevassføring”, noko tydelegvis NVE også har teke konsekvensen av. Fossane i Botnaelva representerer same biotopen som Svandalsfossen, og dersom desse hadde vore skikkeleg undersøkt, er det gode sjansar for at ein hadde funne kystflope eller andre truga moseartar som er knytt til rennande vatn, der. Dette får vi aldri vita dersom kraftverket blir bygd.

Både Geir Botnen og Nils Botnen påpeikar at kraftverket ikkje kan byggjast utan at det blir utarbeidd reguleringsplan etter den nye Plan og Bygningslova (PBL), slik tilfellet var med Hattebergvassdraget. Det er ingen prinsipiell skilnad mellom desse to sakene, sjølv om NVE prøver å framstilla det slik.

Eit viktig argument for ikkje å byggja Botnen kraftverk (sml høyringsuttale frå Kristina Botnen) er at det kjem i konflikt med eit automatisk freda kulturminne, nemleg den gamle pilgrimsvegen frå Suldal til Røldal. Tradisjonen med pilgrimsvandring til Røldal-kyrkja er teken opp att i seinare tid, og Botnen med den fossande elva er i ferd med å bli eit viktig turistmål, som vil gå tapt ved ei utbygging. Hordaland fylke gjer merksam på at tiltaket krev dispensasjon frå Riksantikvaren.

Røldal er frå før hardt råka av kraftutbygginga i Valldalen – ei kraft som no truleg blir ført ut av landet etter at Hydro aluminum blir lagt ned. Samstundes blir omsynet til klima og behovet for fornybar kraft brukt for alt det er verdt, for at kvar einast elv i Røldal og på heile Vestlandet skal leggjast i røyr for å skaffa inntekter til Kraftkarane AS og andre småkraftselskap, som i dei fleste tilfelle ikkje har noko tilknytning til lokalmiljøet i bygda der kraftverket ligg. Det er ikkje rett at vassdragsnaturen her i landet skal betala prisen for at nordmenn skal halda fram med å sløsa med energi og at store kraftselskap skal kunna tena seg rike på denne kraftkrisa, som kunne vore unngått dersom meir av krafta hadde vore brukt til lokal verdiskaping og dersom ein hadde oppmuntra til energisparing i staden for energisløsing.

Konklusjon

NVHs klage inneheld nye moment, men samtidig påpeikar vi i klagen vår kor lettvent NVE avviser alle argument frå naturvernside i høyringsuttalane, utan å gi noko skikkeleg grunngjeving, og ved å setja fram ugrunna og misvisande påstandar og rein synsing for å imøtegå innvendingane våre. Det verkar som om konklusjonen er gitt på førehand, og at alle kommentarane går ut på å byggja opp under den, same kor lettvinte og ugrunna dei er. Innstillinga ser ut til å vera **”Vi hører hva du sier, men det får ingen konsekvenser for utfallet.”** Det er på tide at NVE begynner å ta omsynet til naturverdiane ved kraftutbygging like alvorleg som dei tek omsynet til utbyggarane og behovet for stadig meir energi her i landet.

For ordens skuld minner vi om føre var-prinsippet og kravet om kunnskapsbasert forvaltning som no er nedfelt i den nye Naturmangfaldlova §9, der det heiter: *”Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger det en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap kunne brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.”*

NVE har ikkje teke tilstrekkeleg omsyn til føre var-prinsippet i Naturmangfaldlova og kravet om kunnskapsbasert forvaltning i sitt konsesjonsvedtak, og NVH krev difor at OED opphevar vedtaket frå NVE og seier nei til utbygging av Botnen-vassdraget, slik planane no ligg føre.

Med venleg helsing
For Naturvernforbundet Hordaland

Espen Edvardsen
leiar

Oddvar Skre (sign.)
saksbehandlar

Kopi til

- Miljøverndepartementet, 8013 Dep, 0030 Oslo
- Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavinga, Postboks 7310, 5020 Bergen